



Therese Aalhus
Tjørnavegen 29
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2450 - 14/18590

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
26.11.2014

Godkjenning - GBNR 22/211 - Søknad om løyve til oppføring av garasje, støtte- og kantmur

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Therese Aalhus
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Therese Aalhus har i søknad journalført 29.9.2014 søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av garasje, støttemur og kantmur på gbnr 22/211 på Mjåtveitmarka i Meland kommune.

Garasjen er oppgjeve med 42,2 BYA, og inneber i følgje søknaden ein samla utnyttingsgrad på eigedomen på 20 % BYA. Mønehøgde på garasjen er oppgjeve til 5,25 meter utan målbart loft. Støttemur har ein høgde på 80 Cm på det lågaste og opp til 135 cm på det høgaste. Støttemuren er omsøkt med plassering inntil 0,5 meter frå tomtegrense mot veg. Kantmur med høgde under 50 cm er omsøkt med plassering langs tomtegrense. Garasjen plasserast langsgående med vegen, med avstand på 1 meter frå tomtegrense.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg journalført 29.9.2014.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Naboar har samtykka til tiltaket.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedomen er regulert til frittliggjande småhusbebyggelse i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka, arealplanid 125620060002. Maksimal utnyttingsgrad for eigedomen er i planen oppgjeve til 35 % BRA. Tiltaket held seg innafor dette.

Ved delegert vedtak dagsett 23.7.2014 har Meland kommune gjeve dispensasjon frå reguleringsføresegna og pbl § 29-4 for plassering av tiltaket og mønehøgde som omsøkt. Prosjektet er ikkje endra frå det som vart lagt til grunn ved dispensasjonsvedtaket.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart stempla godkjent 26.11.2014. Tiltaket er – samanhalde med dispensasjonsvedtaket i saka – i samsvar med pbl § 29-4.

Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte teikningar stempla godkjent 26.11.2014. Kommunen finn at tiltaket stettar krava til utforming og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-2 løyve til oppføring av garasje, støttemur og kantmur på gbnr 22/211 på Mjåtveit, jf søknad journalført 29.9.2014. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor. Plassering og utforming av tiltaka skal vere som vist på situasjonskart og teikningar stempla godkjent 26.11.2014.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor eller i dispensasjonsvedtaket av 23.7.2014.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente teikningar - GBNR 22-211

Mottakere:
Therese Aalhus

Tjørnavegen 29 5918

FREKHAUG